


Rettleiar – frå bekymring til handling

For tilsette i Nord-Fron kommune med ansvar for barn og unge

Rettleiaren er eit verktøy som skal bidra til å gjere dei tilsette tryggare i å gripe inn og gjere dei rette tinga i rett rekkefølge.



Innhald

Innleiing	4
Bakgrunn	4
Mandat	4
Bekymring og mistanke om omsorgssvikt	4
Lovpålagt opplysningsplikt	4
Framgangsmåte ved bekymring	6
Framgangsmåtane a – b – c	7
<i>Ordnar sjølv</i>	7
<i>Bistand</i>	8
<i>Barnevernet</i>	8
Framdrift etter at melding er sendt barnevernstenesta	8
Den nødvendige samtala	10
Utveksling av opplysningar – tverrfagleg samarbeid	11
Behandlingslina	11
Lovgrunnlag for meldeplikt	11
Samtykke til frigjeving av teiebelagte opplysningar	12
Vedlegg	13
VEDLEGG 1 – Døme på innhald i den nødvendige samtalen	13
VEDLEGG 2 – Meldeskjema til barnevernet	14
VEDLEGG 3 – Døme på samtykke-skjema	16
VEDLEGG 4 – Barnesamtala: tips og råd for gjennomføring	17
VEDLEGG 5 – Trygghetsplan for barnet	19



Innleiing



BAKGRUNN

Tverrfagleg samhandling og oppfølging av utsette barn vart satt på den politiske dagsorden i Nord-Fron kommune i K.sak 102/13 og forvaltningsrapport; «Tidleg innsats for utsette barn – er terskelen for meldingar til barnevernet for høg?».

Eit godt samarbeid mellom barnevernet og dei instansane som ser barnet og deira familiar var sentral problemstilling i rapporten.

Forvaltningsrapporten slår fast at det bør utarbeidast skriftlege rutinar/prosedyrar for korleis meldeplikta skal handterast. Rutinar og regelverk bør vera kjend og leiinga ved verksemda må sikre at tilsette har kunnskap om lovverk som regulerer deira meldeplikt til barnevernet.

Rapporten er konkret i si tilråding om vidare arbeid, og rår til at det blir etablert eit systematisk samarbeid mellom barnevern og aktuelle instansar som skule, SFO, barnehage og øvrige helsetenester som er i posisjon til å sjå barn og deira familiar.

I 2014/15 inngjekk Nord-Fron kommune og KoRus-Øst (Kompetansesenter rus-region øst) ei samarbeidsavtale om deltaking i programmet «Barn i rusfamiliar – tidlig intervensjon».

Programmet gjev kompetanse i korleis tilsette på eit tidleg tidspunkt kan oppdage og identifisere barn/ungdom som lever i risikoutsette livs- og familiesituasjonar, og korleis ein via auka kompetanse og tverrfagleg samarbeid kan iverksette hjelpetiltak. Det vart nedsett ei tverrfagleg ressursgruppe med ansvar for å utarbeide ein rettleiar i Nord-Fron kommune.

MANDAT

Ressursgruppa skal utarbeide rettleiar «Frå bekymring til handling» og lage plan for å implementere rettleiaren i barnehage og skole.

Rettleiaren «Frå bekymring til handling» skal innehalde:

- ♦ Rutiner og prosedyrer for korleis meldeplikta til barnevernet skal handterast.
- ♦ Presisering av den enkelte si plikt til å melde bekymring.
- ♦ Ulike vedlegg med aktuelle verktøy.

Ressursgruppa har ansvaret for å planlegge kompetanseheving for personalet i barnehage, skole, sfo, helsestasjon, barnevern og psykiatrien.


BEKYMNING OG MISTANKE OM OMSORGSSVIKT

Som tilsett i Nord-Fron kommune vil du kunne oppleve bekymring eller oppdage utfordringar knytt til omsorgssituasjonen for barn/ungdom. Du har plikt til å vurdere di bekymring og vurdere korleis ein skal følgje opp denne situasjon. Denne rettleiaren skal veilede deg i slike situasjonar.

LOVPÅLAGT OPPLYSNINGSPLIKT

Opplysningsplikta (meldeplikta inngår i dette) gjeld for alle tilsette i Nord-Fron kommune.

- ♦ Opplysningsplikta er eit sjølvstendig og personleg ansvar, og er særleg aktuell for dei som arbeider ved helsestasjonar, sjukehus, legekontor, politiet, barnehagar, skular, sosialkontor, familievernkontor og krisesentra.
- ♦ Du har slik opplysningsplikt til barneverntenesta når du har grunn til å tru at eit barn blir mishandla



i heimen eller utsett for andre former for alvorleg omsorgssvikt, eller når eit barn har vist vedvarande alvorlege atferdsvanskar.

- ♦ Opplysningsplikta betyr ei plikt til å melde frå til den kommunale barnevernstenesta av eige initiativ ved bekymring eller mistanke om at eit barn lever under forhold som nemnt ovanfor.
- ♦ Sjå kapittel sju; «Sentrale lover».

Den lovpålagte opplysningsplikta gjeld for alle som arbeider i offentlege instansar og tenester, samt for organisasjonar og private som utfører arbeid eller teneste for stat, fylkeskommune eller kommune. Opplysningsplikta gjeld også for ei rekke yrkesutøvarar med profesjonsbestemt teieplikt, uavhengig av om vedkomande arbeider i det offentlege eller i det private. Den gjeld mellom anna for legar, sjukepleiarar, psykologar, tannlegar, jordmødre og fysioterapeutar.

Framgangsmåte ved bekymring

ANALYSER UROA DI

- ◆ Analyser magekjensla, kva seier den?
- ◆ Kva signal har du sett og kva har barnet fortalt? Skriv loggbok.
- ◆ Kor lenge har du vore uroleg?
- ◆ Kor ofte har du vore uroleg (*antal dagar*)?
- ◆ Drøft uroa med ein kollega (*innafor reglar om teieplikt*).

DRØFT UROA (*innafor reglar om teieplikt*)

- ◆ Med næraste leiar

OPPSUMMER OG SYSTEMATISER

- ◆ Signal? Barnet sin tilstand? Kjennskap til familie og nettverk?

PLANLEGG DEN NØDVENDIGE SAMTALA

MED BARN OG FORELDRE (*to stk.*)

- ◆ Barnet fyrst. Så foreldre, evt. saman (*ikkje ved vald*)
- ◆ Treng de assistanse av flere frå det offentlege?
- ◆ Ramme for samtala, dagsorden, møtestad, tid og leiting.
- ◆ Presenter det du ser, ikkje det du trur eller mistenkjer.
- ◆ Deler foreldra di uro/bekymring?

OPPSUMMER SAMTALA MED KOLLEGAER/LEIAR

- ◆ Er vi framleis urolege, og har uroa auka?

VELG FRAMGANGSMÅTE

- A** Vi ordnar sjølv
- B** Vi treng hjelp – tidleg tverrfagleg vurdering
- C** Bekymringa er så alvorleg at barneverntenesta kontaktast

A ORDNAR SJØLV

Tiltak og oppfølging med barn og foreldre

B BISTAND

Velg i samarbeid med kollega kven som skal bistå. Plan for vidare og ansvarsfordeling.

C BARNEVERN

Meld til barnevernet. Barnevernet koordinerer. NB! Informer alltid foreldre. Ved mistanke om vald/overgrep skal melding sendast utan informasjon til foreldre. *Sjå plan.*

Høg bekymring, fare for vald, overgrep, kjønnslemlesting, bortføring:

Ta kontakt med barnevern eller politi – aldri foreldre!

BARNEVERNSTJENESTE NFK:
61 21 61 00

POLITI MGL:
61 05 32 10

Samarbeidspartnarar

BARNEVERNSTJENESTE NFK:
61 21 61 00
482 44 283

HELSESTASJON:
61 21 63 20
907 30 863

RUS OG PSYKISK HELSE:
61 21 60 40
907 31 650

MGPPR:
61 29 90 71

NAV:
555 53 333



Symptom kan åleine – eller saman med fleire – gje grunn til bekymring.

Ved bekymring og mistanke om omsorgssvikt er det viktig å skrive ned observasjonar og analysere desse. Dokumentasjon er viktig når ein skal ta opp bekymring med foresatte og om ein blir bedt om å uttale seg om si bekymring seinare.

Rettleiaren rår til at tilsette fører ein logg/dagbok. Det beste for barnet/ungdommen må alltid vere i fokus. Barn fortel ofte om vanskelege eller vonde ting til vaksne dei er trygge på. Då er det viktig at den vaksne veit korleis han/ho skal handtere ei slik samtale. Det er viktig at barnet får fortelje, til den barnet vil fortelje det til. *Sjå vedlegg 4, side 14.*

Hugs at det er mange signal hos barnet / ungdommen som kan ha andre årsaker, slik som fysisk sjukdom, sorg, nedsett funksjonsevne eller forsinka utvikling på enkelte område. Vi må sjå symptom og signal i samanheng. Kartlegging og oppfølging av barnet eller ungdommen må vurderast ut frå dette.

Be om ei samtale med leiar. Etter samtala må det vurderast om det framleis er grunn til bekymring, eventuelt om det skal kartleggast meir over ei avtalt periode.

Viss du er bekymra for eit barn/ungdom, må du ikkje vente med å handle.

FRAMGANGSMÅTANE A – B – C

Viser til skissa ovanfor. Vi utdjuar det som ligg i dei ulike framgangsmåtane.

Ordnar sjølv

FØRESETNAD: *Den nødvendige samtalen er gjennomført**

I samarbeid med foreldra/føresette utarbeider vi tiltak og jobbar saman til beste for barnet:

- ◆ Avtal kva foreldra/føresette skal gjere.
- ◆ Avtal kva vi skal gjere.
- ◆ Utarbeid tiltaksplan. *Sjå mal for tiltaksplan – vedlegg 1 side 13.*

NB: *Om foreldra ikkje vil samarbeide må vi vurdere å kontakte barneverntenesta.*

Vi må avklare om det skal innhentast støtte frå barneverntenesta, helsestasjonen, PP-tenesta og/eller BUT-team. Det er etter den nødvendige samtalen at vi tek avgjerd på om vi har behov for hjelp og rettleiing.

Bistand

Det kjennest nødvendig å få hjelp til å vurdere kva vi skal gjere med bekymringa vår.

Vi kontaktar barnevernstenesta/helsestasjon/PP-tenesta og/eller BUT-team. Vi oppgjev ikkje namn på barnet eller foreldra *med mindre* foreldra er informert om og har gitt sitt samtykke til dette.

Dei tilrådingane vi får frå hjelpeinstansane avgjer kva som skjer vidare.

Barnevernet

Som hovedregel varslar vi foreldra om at vi vil informere barnevernstenesta om vår bekymring for barnet og kva vi ønskjer å formidle. I samtale med foreldra kan det vere hensiktsmessig å seie at vi vil informere eller kontakte barnevernet for å gjere dei merksame på problem barnet har, istadenfor å seie at vi vil «melde saka til barnevernet».

Vi ønskjer å få foreldra sitt samtykke til å kontakte barnevernet for å kunne fortsette eit godt samarbeid med dei.

Sjølv om barnevernet undersøker omsorgssituasjonen for barnet eller sett i gang tiltak rundt barnet, er det viktig at vi held fram med vårt arbeid og våre oppgåver knytt til barnet.

Meldinga til barnevernstenesta skal vere:

- ♦ Skriftleg.
Sjå mal for melding til barnevernet – vedlegg 2 side 14.
- ♦ Så konkret som mogeleg.

Foreldra si oppfatning av bekymringa (kortfatta informasjon) kan vere med i meldinga.

Ei melding om eit akutt forhold kan skje muntleg til barnevernstenesta, men då med skriftleg melding i etterkant. Eit døme kan vere at foreldre/foresatte er rusa ved bringing/henting av barn i barnehage/skule. I slike tilfelle skal politiet varslast.

FRAMDRIFT ETTER AT MELDING ER SENDT BARNEVERNSTENESTA:

Innan ei veke etter motteke melding om bekymring, skal barnevernet ha avklart om meldinga gir grunnlag for undersøking. Meldar vil få attendemelding. Undersøkinga skal vere gjennomført innan tre månader, men om det er grunnlag kan fristen bli utvida til seks månader.

Innan tre veker etter at undersøkinga er avslutta skal barnevernstenesta gje meldarar som blir omfatta av meldeplikta, skriftleg beskjed om saka er henlagt, eller om saka blir følgd opp vidare med tiltak. Ved samtykke frå foreldra og/eller at det er vurdert som nødvendig ut frå barnet sitt behov, vil det bli opplyst om tiltak som vert sett inn. Eit eksempel kan vere at det vert oppretta ei ansvarsgruppe rundt eit barn, der din instans skal delta.

Dersom saka er henlagt, og bekymringa di varar ved, må du melde på nytt. Tiltak frå barnevernstenesta er frivillige, noko som inneber at foreldra kan takke nei. Det kan ta lang tid å motivere nokon til å ta imot hjelp. Barnevernstenesta må i nokre tilfelle vurdere tvangstiltak. Då må saka sendas til Fylkesnemda for behandling. I dei sakene treng barnevernstenesta å vise til andre instansar si bekymring og manglande oppfølging frå foreldra over tid.



Den nødvendige samtala



Det kan vere utfordrande å ta opp ei bekymring. Det er nødvendig å førebu samtala godt. Eit tips kan vere å øve på den nødvendige samtala på førehand.

- ◆ Leiar skal innkalle foreldra skriftleg med informasjon om tema.
- ◆ Det må vere to personar tilstades under samtalen og ein av desse skal alltid vere leiar.

Ta opp bekymring med den/dei det gjeld på ein respektfull måte. Mange vil ofte – fordi dei er i ein vanskeleg situasjon – avvise det vi tek opp. Då er det viktig at vi viser respekt, skaper tillit, og er tålmodige og uthaldande.

På førehand må vi:

- ◆ Tenke nøye gjennom kva som bør seiast og korleis det skal seiast.
- ◆ Avtale kven som seier kva.
- ◆ Lage ei liste over punkt det er viktig å få formidla under samtalen.
- ◆ Avtale kven som skriv referat og kven som passar på at vi kjem gjennom alle dei planlagte punkta.

Under samtala må vi:

- ◆ Passe på at den/dei vi møter også får kome fram med sitt syn og sitt perspektiv på saka.
- ◆ Våge å stå i dei kjenslene/reaksjonane som kjem fram under samtala.
- ◆ Bli einige om kva vi har avtalt før vi går frå kvarandre.
- ◆ Skrive referat frå møtet.
Mal for referat – sjå vedlegg 3 side 10.

Etter samtala må vi:

- ◆ Avklare vidare framdrift; eventuelle behov for ekstern hjelp og rettleiing.
- ◆ Evaluere møtet; vart målet nådd?
- ◆ Vurdere korleis ivareta den tilsette som har hatt samtale og andre tilsette.

Det kan ikkje akseptrast at tilsette blir utsett for trugsmål /vald. Tilsette og leiar må i slike tilfelle alltid kontakte politiet. Det bør bli utarbeidd beredskapsplan og øvd på situasjonar som kan oppstå.

Utveksling av opplysningar – tverrfagleg samarbeid

Formidling av opplysningar mellom ulike tenesteområde; til dømes mellom barnehage og barnevernsteneste, skal som hovudregel skje etter samtykke frå foreldra. *Sjå vedlegg 3 side 13.*

BEHANDLINGSLINA

Behandlingslina er ei utvida prosedyre på korleis sikre samhandling, tidleg inngripen og brei fagleg vurdering med barnet i sentrum.

Behandlingslina syner korleis vi sikrar høg fagleg kvalitet, bidreg til god samhandling og sørgjer for heilskaplege og samhengande tenester, mellom nivå, funksjon og brukar. Behandlingslina skal sikre hjelp så tidleg som mogeleg og vere forutsigbar.

Det blir vektlagt å ha ein «koordinator» som bindeledd mellom foreldre/føresette og hjelpeinstansane. Ansvarleg koordinator skal hjelpe familien/barnet med tenester og tiltak. Det beste for barnet/ungdommen må alltid vere i fokus.

Du kan lese meir om behandlinglina på nettsida til Sjukehuset Innlandet www.sykehuset-innlandet.no og inngangsside *behandling – behandlinglinjer*.

Lovgrunnlag for meldeplikt

Meldeplikta er formulert i følgjande lovverk :


- ◆ Opplæringslova § 15-3.
- ◆ Friskolelova § 7-4.
- ◆ Barnehagelova § 22.
- ◆ Helse- og omsorgstenestelova, kap. 10.
- ◆ Helsepersonellova § 33.
- ◆ Familievernkontorlova § 10 og barnevernlova § 6-4 a.
- ◆ For politiet følgjer opplysningsplikta av barnevernlova § 6-4 jf. straffeprosesslova § 61 c og forvaltningslova § 13 f.

Sjå elles KS-rettleiar: *Taushetsplikt og samhandling i kommunalt arbeid for barn-ungdom-familier*.



Vedlegg

VEDLEGG 1 – DØME PÅ INNHOLD I DEN NØDVENDIGE SAMTALEN



Samtykke til frigjeving av teiebelagte opplysningar

Teieplikta kan bli oppheva ved samtykke frå den/ dei det gjeld, jmfør Forvaltningslova § 13 a nr. 1. Samtykket skal vere gjeve frivillig og vedkomande skal orienterast om konsekvensane av å gje samtykke mellom anna kva opplysningar som gjeld, kven som får opplysningane og kva opplysningane skal brukast til. Samtykket bør vere skriftleg der det er praktisk mogeleg.

Samtykket kan når som helst trekkast tilbake.

Når det gjeld samtykke frå mindreårige så gjeld desse hovudprinsippa:

- ♦ Den som er over 16 år kan sjølv samtykke
- ♦ Er barnet mellom 12 og 16 år tek foreldra avgjerd, men barnet har rett til å uttale seg
- ♦ Er barnet under 12 år kan foreldra åleine avgjere om teieplikta skal falle bort

Sjå vedlegg 3 side 16.

Planlegging av samarbeidet med foreldra

Spørsmål å samarbeide rundt	Ansvar	Tidsfrist
Bekymring for barnet skuldast:		
Kva tenkjer barnet rundt sin eigen situasjon:		
Kva endring ønskjer vi for barnet eller situasjonen til barnet:		
Kva skal vi gjere:		
Kva skal foreldra gjere:		
Neste møte mellom oss og foreldra:		
Kva skal vere oppnådd innan neste møte:		
Er det avtalt å kontakte hjelp frå andre (barneverns-tenesta, PPT, BUP, helsestasjonen):		

Dato:

Underskrift foreldre:

_____(mor)
_____(far)

Underskrift avdelinga (deltakarar på møtet):

Nord-Fron
KOMMUNE

Melding om bekymring

Dette skjemaet er meint som ein rettleiar til offentlig meldar og privat meldar. Offentleg meldar skal melde skriftleg og ikkje vere anonym. Skjemaet sendast: Barneverntenesta i Nord-Fron kommune, Nedregate 50, 2640 Vinstra.

Tips til innhald i meldinga:

- Ver konkret og detaljert. Jo betre informasjon meldinga inneheld jo lettare er det å følgje opp.
- Ikkje trekk eigne konklusjonar. Som meldar skal du si frå om kva du observerer.

Det er barnevernets og evt. politiets oppgåve å avgjere kva som skjer vidare i saken

	Etternamn, fornamn	Født	Adresse
BAR- NET:			
MOR:			
FAR:			
SYS- KEN:			
Bakgrunn for meldinga og din relasjon til barnet:			
Kva slags konkrete forhold har meldaren observert?			
Når vart dei aktuelle problema første gong registrert?			
Er særskilde hjelpetiltak i gangsett?			
Er barnet vist til andre hjelpeinstansar? Dersom ja – kva instans og når, og kven er kontaktperson for den hjelpeinstansen?			
Er bekymringa teke opp med føresette eller andre?			

Er føresette kjent med at meldinga blir sendt til barneverntenesta?		
Om ikkje, er det noko særskilt årsak til dette? Eks: Redd for at barnet vert utsett for utilbørlig press, vold, osv.		
Familiens nasjonalitet og språk – er det behov for tolk?		
Utfyllande notater i høve meldinga (evt. andre ting de meiner barneverntenesta bør kjenne til):		
INSTANS:	NAMN PÅ MELDAR:	TLF.
ADRESSE:	STAD:	DATO:

Offentlege instansar og private meldarar skal få attendemelding frå barnevernet om motteke melding. Dei offentlege instansane vert informert om det vert opna undersøking, og får ny attendemelding når undersøkinga er avslutta, med opplysingar om saka er henlagt eller om barnevernet følgjer opp saka vidare. Dersom det er mistanke om straffbare handlingar som vald eller seksuelle overgrep, skal meldinga sendast til både politi og barnevern.

Samtykke til samarbeid

Gjeld: _____ Føresette: _____

Hensikta med samarbeid er å oppnå best mogleg oppfølging av den enkelte. Tverrfagleg samarbeid inneber innhenting og/eller utveksling av informasjon mellom t.d. barnevern, psykisk helse, helsestasjonen/skulehelseteneste, NOA (Nord-Fron opplærings- og arbeidssenter), konsulent for funksjonshemma, fysioterapeut, gjeldsrådgjevar, ruskonsulent og andre aktuelle i gjeldande sak.

Samarbeidspartane forheld seg til teieplikt i høve til Forvaltningslova §13 og Lov om helsepersonell, samt tenestene sine respektive lovverk i høve teieplikta. Samarbeidet skal i alle høve foregå på ein etisk og ivaretakande måte.

Aktuelle tenester å samarbeide med i denne saka er:

Dato	Instans/Namn	Tema	Signatur

Vi/eg gjev samtykke til at instansane som nemnt over kan samarbeide om mi sak.


Stad

Dato

Underskrift

Underskrift

Koordinator

 Nord-Fron
KOMMUNE

Barnesamtala

Uforberedt samtale – når barnet snakkar for fyrste gong – slike samtaler kan oppstå i situasjonar med fleire barn til stades:

- ♦ Vær roleg og ta imot det barnet seier utan å vise eigne kjensler. Viss det er for vanskeleg, be ein annan tilsett som barnet har tillit til om å ta samtala.
- ♦ Sei at det er bra at barnet seier ifrå om dette, og at dette skal vi prate nærare om. Det må leggest til rette for ei vidare samtale så raskt som mogeleg; dette må prioriterast.
- ♦ Prat med næraste leiar for å avklare kven som skal ta den neste samtala med barnet og korleis samtala skal leggest opp.

Sjølve samtala:

Ver klar til å avslutte samtala når du eventuelt har fått nok informasjon til å overlate oppfølginga til barneverntenesta:

- ♦ Sett av god tid til samtala, og sørg for at de ikkje blir forstyrra.
- ♦ Fortel barnet at det var rett at han/ho kom til deg eller ein annan vaksen. Barn treng å få tydeleg beskjed om at det er lov å prate om det vanskelege som har skjedd.
- ♦ Ikkje lov barnet at dette blir hemmeleg mellom deg og barnet. Forklar at du må seie frå til andre vaksne for at barnet skal få det betre. Fortel at vi vil hjelpe, og sei at lova seier vi må hjelpe (avhengig av alder på barnet og moglegheit for å forstå).
- ♦ Barnet har ein rett, men ingen plikt til å fortelje. Barnet bestemmer kva og kor mykje vi får vite og når vi skal få vite. Det er viktig at vi ikkje pressar barnet.

DØME PÅ ORDVALG FOR DEN VAKSNE

(både i uforberedt og forberedt samtale):

- ♦ «...du fortalte i stad ... fortel meg meir om det ... for eg har ikkje vore der, fortel så godt du kan...»
- ♦ «...fortel meg det slik at eg kan forstå det...»
- ♦ «...kva skjer vidare då?...»
- ♦ «...du har no fortalt meg om...»
- ♦ «...eg ønskjer å prate litt meir med deg, Per, fordi når eit barn fortel ... (gjenta det barnet har fortalt) slik du gjorde, då pratar eg alltid med barnet etterpå. Det er bra du fortalte det du gjorde, og du skal vite er det er lov å prate om det som har skjedd. Det er bra du sa frå, då skal eg prøve å hjelpe.»
- ♦ Skriv ned kva barnet seier og det du seier. Dette er viktig vidare i ei eventuell sak.
- ♦ Still åpne spørsmål. Unngå leiande og konkrete spørsmål om rus, vald og overgrep. Gje barnet gode pauser – ikkje avbryt.
- ♦ La barnet vere ekspert på eiga historie og fortelje fritt ved å gjenta det barnet fortel. Nokre gonger kan vi prøve å oppfordre barnet til å fortelje meir.
- ♦ Bruk «fortel meg om...» og «beskriv...» når du pratar med barn.
- ♦ Bekreft det barnet har sagt. Sikre at barnet blir tatt på alvor. Sei at det er ingen barn som skal oppleve det du har opplevd.
- ♦ Dersom barnet formidlar skuld, er det viktig å halde fokus på at barnet gjorde det beste det kunne i situasjonen.

Avslutning av samtala:

- ♦ Forsikre barnet om at du skal følge opp saka. Viss det er mogeleg, anslå når du skal prate med mor/far.
- ♦ Formidle til barnet at det alltid kan kome og prate med deg når han/ho treng det.
- ♦ Følg rutiner for eventuell kontakt / melding til barneverntenesta.



Barnets trygghetsplan

Barn (0-18 år) av foreldre/omsorgspersoner med psykiske vansker eller rusproblemer kan ha behov for ekstra forutsigbarhet og trygghet. Barnets trygghetsplan er et hjelpemiddel for ivareta barnet når omsorgssituasjonen er vanskelig, for eksempel ved forverring av omsorgspersonens helsestilstand, akutt innleggelse, familiekonflikt, vold eller problematisk rusbruk. Planen utarbeides av omsorgsperson(ene), barnet selv og en ansatt i kommunal helse- og omsorgstjeneste. De voksne som bidrar må forsikre seg om at planen er realistisk, og at de som skal bidra til trygghet er informert og har sagt ja. Barn fra ca 6 år og over bør delta i utviklingen av planen, og barnets ønsker skal vektlegges. Hvis barnet ønsker lages «Min trygghetsplan» som barnet selv oppbevarer.

Skrevet av _____ sammen med _____

Sted og dato: _____ Kopi til: _____

<p>Barnet: Navn: _____ Fødselsdato: _____ Adresse: _____ Tlf./evt. e-post: _____</p>	<p>Foreldre/omsorgspersoner: Navn: _____ Adresse: _____ Tlf./evt. e-post: _____ Navn: _____ Adresse: _____ Tlf./evt. e-post: _____</p>
<p>Barnehage/skole: Navn: _____ Adresse: _____ Tlf./evt. e-post: _____</p>	<p>Hvem kan snakke med barnet om den aktuelle situasjonen og åpne for barnets evt. spørsmål? Navn: _____ Adresse: _____ Tlf./evt. e-post: _____</p>
<p>Hvem kan barnet snakke med nå han/hun trenger det? Navn: _____ Adresse: _____ Tlf./evt. e-post: _____</p>	<p>Hvem kan bidra til opprettholde barnets hverdag? Navn: _____ Adresse: _____ Tlf./evt. e-post: _____</p>
<p>Hvem kan ta seg av barnet i en akutt situasjon og ved eventuell innleggelse? Navn: _____ Adresse: _____ Tlf./evt. e-post: _____</p>	<p>Er det andre som bør vite om situasjonen? Navn: _____ Adresse: _____ Tlf./evt. e-post: _____</p>
<p>Har barnet/familien kjæledyr som trenger å bli passet? I så fall hvor/av hvem? Navn: _____ Adresse: _____ Tlf./evt. e-post: _____</p>	<p>Er det andre ting som er viktige for å trygge og ivareta barnet?</p>

Husk barnet!

Registrering av barn (0–18 år) av foreldre med psykiske vansker eller rusproblemer.

Fylles ut sammen med forelder eller foresatt. Fyll ut ett skjema for hvert barn.

Skrevet av _____ sammen med _____

Sted og dato: _____ Tjeneste/enhet: _____

Forhold av betydning for barnet (+ og -)

Forelderen/brukeren:

Navn: _____

Evt fødselsnr.: _____

Adresse: _____

Tlf./evt. e-post: _____

Den andre forelderen:

Navn: _____

Fødselsdato: _____

Adresse: _____

Tlf./evt. e-post: _____

Barnet:

Navn: _____

Fødselsdato: _____

Adresse: _____

Tlf./evt. e-post: _____

Familie- og boforhold:

Hvem bor barnet sammen med? Formelt foreldreansvar?
Samværsordninger?

Andre viktige personer rundt barnet?

(Venner, slekt, trener, lærer, nabo etc.)

Hvem tror du at barnet kjenner seg trygg sammen med??

Skole, barnehage og fritidsaktiviteter:

Forhold av betydning for barnet (+ og -)

Har barnet fått informasjon om din situasjon/ din sykdom?

Hvordan tror du det er best å informere barnet om situasjonen/sykdommen, og av hvem?

Tror du at din tilstand/sykdom påvirker ditt barn? Evt. hvordan/hvorfor ikke?

Er du bekymret for noe vedr. barnets situasjon eller utvikling?

Har barnet kontakt med noen i hjelpeapparatet?

Hvis ja, hvem? Er det behov for andre kontakter eller henvisninger?

Er det andre opplysninger i forhold til barnet/familien du mener vi bør vite om?

Barnets sterke sider og ressurser, hva er viktig for barnets trivsel, positive aktiviteter og relasjoner, helse, andre belastninger eller risikoforhold?

Hvis aktuelt: Hvordan har barnet blitt ivaretatt tidligere når du har hatt det vanskelig?

Gode erfaringer? Kan noe gjøres bedre?

Informert om Barnets trygghetsplan

Ønskelig å opprette trygghetsplan? Ja nei

Min trygghetsplan

Alle barn har rett til beskyttelse og omsorg. Barn skal få si det de tenker på, og det de sier skal bli tatt hensyn til. «Min trygghetsplan» er laget for at barn skal føle seg trygge og vite hva som skjer når de voksne i familien har det vanskelig. Trygghetsplanen lages i en åpen samtale med barnet.

Skrevet i samtale mellom _____ og _____
(barnet)

Sted og dato: _____

Barnets adresse, telefon og evt. e-post:

Dette er viktig for at jeg skal føle meg trygg:

Hvis jeg må bo et annet sted for en periode, vil jeg at det blir tatt hensyn til...

Hvis jeg trenger å bo et annet sted for en periode, kan jeg bo hos:

Navn: _____
Tlf./evt. e-post: _____

Disse voksne stoler jeg på:

Jeg kan ta kontakt hvis jeg trenger noe, og det trenger ikke å være veldig vanskelig før jeg gir beskjed.

Navn: _____
Tlf./evt. e-post: _____

Navn: _____
Tlf./evt. e-post: _____

Navn: _____
Tlf./evt. e-post: _____

Andre voksne som kan hjelpe er:

Min behandler: _____
Tlf./evt. e-post: _____

Forelders behandler: _____
Tlf./evt. e-post: _____

Helsesøster: _____
Tlf./evt. e-post: _____

Fastlege: _____
Tlf./evt. e-post: _____

Barnevernet: _____
Tlf./evt. e-post: _____

Informasjon, hjelpetelefon og nettsteder for barn:

- ▶ **Alarmtelefonen for barn og unge:** Telefon 116 111 • www.116111.no • E-post: post@116111.no
- ▶ **For barn som har en mor eller far med psykiske problemer:** www.morild.org/
- ▶ **Barneombudet:** Telefon 22 99 39 50 • www.barneombudet.no
- ▶ **Voksne for barn:** Telefon 810 03 940



